



Ingeniør Stein Hallgren VVA-Planlegging AS
Tjuvikvegen 4
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/6 - 16/769

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
12.01.2016

Rammeløyve vassleidning i sjø - gbnr 108/468 og 103/1 m.fl.

Administrativt vedtak. Saknr: 019/16

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkar: Ingeniør Stein Hallgren VVA-Planlegging AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om legging av offentleg vassleidning i sjøen frå Stenekaien på Lindås til fellesareal på Fjellanger.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.12.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 15.12.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i *kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden* er definert som *samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Stenekaien), bruk og vern av sjø og LNF* (Fjellanger)

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Det er i samsvar med dei to første føremåla som er nemnt ovanfor. Ilandsføringsplassen i LNF på Fjellanger, er alt disponert til liknande tekniske anlegg. Vi vurderer endringar/tillegg til å vera så små at det krevst ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Bergen og omland havnevesen har gjeve positiv uttale. Dei gjer ikkje vedtak før fiskeriinteressene har uttalt seg.

Privatrettsleg

Det ligg føre avtale om plassering av eksisterande anlegg på fellesareal for fleire bruk på Fjellanger. Det skal dokumenterast avtale for det nye leidningsanlegget.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Kommunen er grunneigar i den eine enden av anlegget. I den andre enden skal det dokumenterast grunnavtale for disponering av arealet. Leidningen vil ligga under terreng/under vatn og ikkje synleg for naboar.

Terrenghandsaming

Terrenget på ilandføringsstadene skal tilbakeførast ti same kvalitet som før inngrepet.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-vert det gjeve rammeløyve for vassleidning i sjø med tilhøyrande ilandføring på følgjande vilkår:

1. Terrengprofil for ilandføringane skal leverast med søknad om igangsetting.
2. Før det vert gjeve igangsettingsløyve, skal det dokumenterast privatrettsleg avtale om plassering av det nye leidningsanlegget på fellesareal på Fjellanger.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 2 med heimel i SAK § 9-3.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	2	Søkar for heile tiltaket	Ing. Sten Hallgren VVA planlegging AS	956583381	S
	2	Prosjektering av VA-anlegg	Ing. Sten Hallgren VVA planlegging AS	956583381	S

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Anna lovverk

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf. pbl § 21-6. I tillegg til løyve etter pbl, må det ligga føre løyve til tiltak i sjø etter lov om havner og farvann (Bergen og Omland havnevesen).

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 16/6**

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og omland havnevesen
Lindås kommune

Kvernhusmyrane 5914

ISDALSTØ

Kopi til:

20

Mottakarar:

Ingeniør Stein Hallgren VVA-
Planlegging AS

Tjuvikvegen 4

5108

HORDVIK